

# Kyrkjetonar





**Å, dyp av rikdom og visdom  
og kunnskap hos Gud! Hvor  
uranskjellige hans dommer  
er, hvor ufattelige hans veier!**

**For fra ham og ved ham og til  
ham er alle ting.  
Ham være ære i all evighet!  
Amen.**

Rom 11, 33 og 36

**Framsidebiletet:**  
**Minileirdag på Stemnestaden.**  
Sandvolleyballbanen fungerte som  
kjempestor sandkasse når ein  
igjen kunne samlast til leir på  
Stemnestaden.  
Les meir om minileirdagen for  
4-7 åringer på side 6.  
foto: Ståle Hustoft

## Kyrkjetonar

**Utgivar: Sokneråda i Bokn, Tysvær,  
Førresfjorden og Nedstrand sokn.**

Fire nummer i året: mars, juni,  
september og desember  
Redaktør: Ståle Hustoft,  
Nedstrandsvegen 1488, 5560 Nedstrand.  
Mobiltelefon 900 26 142,  
e-post: hustoft@hustoft.net

Redaksjon: Marie Vågshaug, Steinar Høyvik,  
Ingrid Hustoft Landro og Liv Jorunn Frønsdal

Post til redaksjonen kan også sendast:  
Kyrkjekontoret, 5570 Aksdal, telefon:  
52 75 77 00, telefaks: 52 75 77 10

Girokonto: 3240.07.61212.

**VIPPS-nummer: 523083**

Frivillig kontigent: kr. 150,-  
Kasserar: Børge Løype,  
5574 Skjold. Telefon 52 76 21 22

Grafisk utforming: Ståle Hustoft

**Kyrkja i Tysvær og Bokn  
Bokn, Tysvær, Førresfjorden og  
Nedstrand sokn**

**Telefon\*: 52 75 77 00**  
**Internett: www.tysvaerkirken.no**  
**E-post: kyrkja@tysver.kommune.no**

**Kyrkjekontoret for Bokn, Tysvær  
og Førresfjorden sokn**  
åpningstid: tirsdag, onsdag, torsdag og  
fredag, kl. 10 - 14

## Kven skal leia leiariane?

**Alt heng saman med alt,  
og det iallfall i kyrkja. Men  
korleis alt heng saman kan  
vera vanskeligare å forstå.  
Etter at Statskyrkja vart  
Folkekirkja har det vore  
mykje som har blitt organisert  
på nye måtar.**

Kyrkja er ein stor og samansett  
organisasjon, der noko tidlegare  
har vorte styrт ovanfrå - frå  
Staten, via kyrkjemøtet og  
biskopar til prestar. Noko har  
vorte styrт nedanfrå - frå det  
enkelte medlem i soknet som vel  
medlem til sitt sokneråd. Sjølv  
om forholdet til staten har vorte  
endra, har det framleis vore to  
arbeidsgjevarar i kyrkja - eller  
tre, for me bør vel rekna med  
Meisteren!

På same kontor, og i tett  
samarbeid, finn me gjerne ein  
prest som får si løn frå Staten  
via Bispedømmekontoret og  
Prost. Organisten, kateketen eller  
diakonen får si løn frå finansiert  
frå kommunen, via sokneråd og  
fellesråd.

Forvirra? Du er ikkje åleine. Og  
bare tenk på om ein arbeids-  
konflikt skulle oppstå - mellom  
kollegaer i same organisasjon  
med to heilt ulike leiara.

Tidlegare i vår kom rapporten  
som skal vera grunnlaget for det  
siste trinnet i ny organisering av  
Folkekirkja: «Samhandling i en  
selvstendig folkekirke - ny kirkelig  
organisering»

Om kyrkjelydspedagogen  
skal vera tilsett i fellesrådet i  
kommunen, i eit fellesråd for  
heile prostiet eller i  
«rettssubjektet Den norske  
kirke» har liksom ikkje same  
slakraft som andre debattar  
som har prega kyrkja dei siste  
åra - heldigvis.

Dei fleste av oss slepp å lesa heile  
den 130 sider lange rapporten.  
Det er noko befriande over at det  
forgår ein debatt i kyrkja som  
ikkje direkte handlar om kva me  
skal tru på og korleis me skal  
utøva vår tru.

Ståle Hustoft

Redaksjonen avslutta 30. mai

redaktørens hjørne

## Vellykka digital basar

tekst: Liv Jorunn Frønsdal/foto: Meike Baumgart

**Den digitale basaren til soknerådet i  
Førresfjorden vart eit vellykka arrangement.**

Som omtala i førre utgåve av  
Kyrkjetonar var dette eit tiltak  
for å «samlast» på ein  
alternativ måte i ei tid kor  
det meste var nedstengd.

Onsdag kveld i påskeveka  
viste seg å være ein dag der  
det passa for mange å følge  
direktesendinga.

Eit av måla til soknerådet er  
å legge meir til rette for  
aktivitet for barn og unge i  
kyrkja. Deler av basarinntekta  
vil derfor gå til å utvide klatreveggen i gymsalen i kyrkja slik  
at den går heilt til topps. Dette  
håpar me kan gjere det til ein  
meir attraktiv plass for dei  
unge.



**Bilete til venstre:** Fridtjof Jektnes kosar seg i klatreveggen, og håpar snart at klatreveggen snart blir enda meir utfordrande.

**Bilete over:** Tidemann Jektnes likar godt å klatre i gymsalen i Aksdal kyrkje

## Endelig ungdomstreff

tekst: Janne I. Eide/foto: Dag Tormod Milje

**Ungdomstreff på Soknatun,  
Nedstrand er for ungdom  
fra 8 .klasse og oppover,  
med samling annankvar  
fredagskveld.**

Heile det siste året har tilbuddet  
vore umulig å gjennomføre,  
men etter påske har det opna  
seg nye muligheter!

Denne våren er 7. klassingane  
inviter til tre kveldar, for å sjå  
korleis det er å vera med.

Andakt, spel, mingling og kiosk  
er med i eit nokså avslappa  
program og trivselen ser ut til  
å vere god!



# Verdas viktigaste vandring

på kyrkjebakken

**Det er nydeleg, varmt ute og kø på Himakånå og andre fine destinasjonar rundt om. Ein fin dag for utflykter, både til sjøs og til fjells. Med oss i sekken pakkar me ei god, næringsrik nistepakke, litt raske kalorier som kan gi ekstra energi, nok drikke til å slukke tørsten og litt til, plaster til smásår, sitteunderlag og litt klede i tilfelle det skulle blåse på toppen. Kartet har me tilgjengeleg på mobilen.**

I dag har 5.klassingane i Nedstrand sokn fått Bibel. Dei er klare for verdas viktigaste vandring. I sekken sin har dei no fått kartet: *Eg er vegen sanninga og livet. Ingen kjem til Faderen utan gjennom meg. (Joh 14,6)*

Dei har fått med seg rikeleg drikke til å slukke tørsten med: *Men den som drikk av det vatnet eg vil gje, skal aldri meir tørsta. For det vatnet eg vil gje, blir til ei kjelde i han med vatn som bryt fram og gjev evig liv. (Joh 4,14)*

I nisteboksen ligg det godt brød: Jesus svara: *Eg er livsens brød. Den som kjem til meg, skal ikkje hungra, og den som trur på meg, skal aldri tørsta. (Joh 6, 35)*

Dei har fått med seg nokre velsmakande ord som kan gi ekstra kraft når vegen vert tung å gå: *Lat ikkje hjartet dykkar uroast! Tru på Gud og tru på meg! (Joh 14,1)*


I sekken ligg plaster når skoa gneg og såra blør: *Men han vart såra for våre brot, knust for våre synder. Straffa låg på han, vi fekk fred, ved hans sår vart vi lækte. (Jes 53,5)*

Dei har fått med seg ekstra, vindtette klede: *Ta difor heile Guds rustning på, så de kan gjera motstand på den vonde dagen, vinna over alt og bli ståande. Så stå då fast: Spenn sanninga til belte om livet, ta rettferda til brynze, og snør fredens evangelium til skor på føtene, så de er klare til å gå. Lyft trua høgt til skjold i alt som hender! Med det kan de sløkkja alle brennande piler frå den vonde. Ta frelsa til hjelm, og grip Andens sverd, som er Guds ord. (Ef 6,11)*

Innerst mot ryggen ligg eit sitteunderlag dei kan sette seg på for å få kvile under vandringa: *Kom til meg, alle de som slit og har tungt å bera; eg vil gje dykk kvile! (Matt 11,28)*

Dei har alt dei treng for å nå fram. Men vi veit, alle som har levd ei stund, at vandringa likevel kan vere både lang og tung å gå, og at det hender at vi misser målet av syn.

**Lykke til på verdas viktigaste vandring!  
Vi møtes ved målet**



av Ingrid H. Landro



## “No livnar det i lundar...

Familien min skulle gå på langtur i det vi trudde var kjent terreng. Vi hadde pakka sekken og skulle greie oss godt i mange timer. Det var berre det at vi bomma på stien heilt frå byrjinga. I staden for å gå på tilrettelagt sti hamna vi i tett skog og høgt gras utan sti. Vi sjekka kartet på mobilen og sikta mot målet. Turen tok oss 1,5 time ekstra tid og både små og store blei trøytte, motlause og frykteleg svoltne. Då vi endeleg kom inn på den rette stien, var sjokoladen nesten oppeten og drikkeflaska berre halfull.

Og målet var enda langt unna.

Det er lite hjelp i å ha ei god og næringsrik niste i sekken dersom vi ikkje opnar matboksen og et av ho. Drikkeflaska gjer inga nytte om innhaldet ikkje når kroppen vår. Sitteunderlaget gir inga kvile og komfort så lenge det berre ligg samanbretta i sekken.

På same måten er det er lite hjelp i å ha Bibelen stående i bokhylla dersom vi ikkje les i han.

Vi nådde målet til slutt. Vi ringde gode vene som rettleia oss fram til den rette stien og oppmuntra heilt til vi var på toppen. Slike vene er gull å ha! Når verdas viktigaste vandring er lang og Bibelen kjennes uforståeleg og er vanskeleg å opne, då er det godt å ha andre vene som går det same vegen. Vi kan hjelpe kvarandre til å lese kartet, minne kvarandre på nista og drikka og finne fram kvart vårt sitteunderlag og sitje stille saman og nyte utsikten mot målet.

Opne sekken din og ta i bruk det du har fått. Same korleis vandringa di er blitt eller korleis ho blir framover, har Gud Fader pakka sekken slik at det rekk. Det er alltid meir å hente i sekken. Det er alltid meir visdom, styrke, oppmuntring og kvile å hente i Bibelen.

**...og då må du ikkje overraska om du støter på ein speidartropp på din veg. For dei sikre våreteikna som naturen gir, tyder samstundes på lengre ettermiddagar og kveldar. Då yrer det av aktivitet i speidarargruppene til Førre KFUK/KFUM.**

Pandemien har sett stoppar for aktivitane i periodar. Men sidan speidarane likar å vera ute i naturen, så har me møtt opp på speidarpllassen så snart retningslinjene har gitt moglegheit for det.

I Førre KFUK/KFUM har me rundt 100 aktive speidarar frå 1. klasse og opp til og med 25 år.

### Oppdagrar (1. og 2. klasse)

Dei yngste speidarane våre vert kalla for oppdagrar og som navnet seier er det her ein oppdagar speidarlivets glede. I dette semestere har speidarane blant anna lært å tenne opp bål, øvd på førstehjelp, lært om natur og miljøvern og vært på skøyteisen i vinter.

### Stifinnarar (3. og 4. klasse)

Det er kjekt å arbeida mot eit mål, og det har stifinnarane gjort i vår. Gjennom fleire speidarmøte har dei arbeida med å laga seg flotte gapahukar. Gapahukane vart innvia med overnattingsleir tidleg i mai og leiren innehadt alt det ein speidarleir skal innehalda; bål, marshmallows, andakt frå Gjermund Lygre og sjølvsagt berre litt sovn.

### Vandrarar (5. – 10. klasse)

I sommar planlegg ein kanoleir i Telemark for vandrarane. Gjennom 5 dagar skal ein padla i vatn og elvar før ein til slutt tek seg gjennom slusene i Ulefoss. Dette må ein sjølvsagt øve seg på, så både kanopadling og matlaging på bål har stått på programmet. Men også klatring, brannslukking og miljøvern har vandrarane fått brynt seg på.


### Roverar (frå vidaregåande skule fram til 25 år)

Når ein vert Rover så er ein erfaren speidar. Rovarane organiserer møtene sine sjølv og dreg på turar og leiarar. Samstundes er dei ein viktig ressurs inn i dei andre speidartroppane.

Speidarlivet gir mange gode minner og opplevelingar for både liten og stor. Om du synes dette høyrtes kjekt ut, så kan du finne meir informasjon på gruppene sine Facebook-sider. Søk opp Førre KFUK-KFUM så vil dei dukke opp.

**Rundt våre leirbål er det plass til alle.**

**Speidarhelsing, Førre KFUK-KFUM speidarane**





**Leirsjef Lina og nokre av leiarane leia allsongen:**  
**Det er gøy, gøy gøy, Å rope høyt, høyt, høyt, Sammen med mine venner**  
**Det er gøy, gøy gøy, Å rope høyt, høyt, høyt, Det er Jesus som vi kjenner**  
foto: Ståle Hustoft

## Leirglede på Stemnestaden

- Det er heilt fantastisk å få samlast til leir igjen, sa leirleiar Lina Fisk Eide då ho opna samlinga på minileirdagen på Stemnestaden 29. mai.



Får Tobias inn ein klissvåt fulltreffar, mon tru? foto: Ståle Hustoft

Ein meir avklara koronasituasjon og opparbeida erfaring med smittevern gjorde at ein kunne opna leirsommaren for barn frå 4-7 år frå Tysvær kommune. Ca 60 barn, foreldre og besteforeldre, i tillegg til leiarar og vertskap, fekk ein komprimert weekend i løpet av fem timer. Nesten alt var med: samling, bibelforteljing, mat, leik og sporleik.

Ingrid H. Landro fortalte levande om Daniel som vart kasta til løvene, og brødrene som vart kasta i eldomnen, fordi dei ikkje ville tilbe nokon andre enn Herren. Gud var med dei, og redda dei - og Han er med oss i dag!

Kørner Høie kan fortelja at ideen om å laga ein minileirdag kom etter samlinga på Kristi Himmelfartsdag, der mange sa at det var så godt å koma saman igjen - om så bare for ein dag.

Minileirdag var ein så positiv opplevelse at ideen kanskje kan bli med vidare i åra som kjem.



Kos på leikeplassen.  
foto: Lina Fisk Eide

## Fiendskap, felleskap - og andre skap

Jubileumsboka som tar deg med inn i hverdag og fest på Stemnestaden er klar.

Tor Sigurd Selvåg, Marianne Callaghan og Kørner Høie har intervjuet både leirledere, naboer og gjester. De har gravet i arkiver og tatt ferske bilder. Resultatet kan du se selv. 130 bilder forteller om smil og alvor på en allsidig og populær leirplass.

Boka selges på Stemnestaden og Galleri Aksdal(bruktbutikken) for kr 280. Kan også bestilles på stemnestaden@normisjon.no eller telefon 975 89 956. Kan sendes for kr 65.

av Kørner Høie



## Sommar på Stemnestaden

### Midtsommarfest torsdag 24. juni

#### Velkommen til familiesamling:

- Varme griller fra kl 16.30.
- Ta med grillmat eller kjøp av oss.
- Sang og andakt kl 17.30.
- Ta med stol.
- Aktiviteter
- Utloftning

### Barneleir 1. - 4. klasse

#### Velkommen på leir 18.-20. juni.

Send e-post til stemnestaden@normisjon.no for informasjon og påmelding.

### Sensommerleir 3. - 5. september

#### Velkommen til voksne folk 3.-5. september.

Her deltar Ole Dagfinn Østhushus, Roar Flacke, Ingunn Moi, Arne Aurdal, Unni og Asbjørn fra Finnøy leder sangen.

Informasjon og påmelding til stemnestaden@normisjon.no eller 975 89 956

## Vipps til Kyrkjetonar

I dette nummeret finn du giro for betaling av den frivillige kontingenenten. Har du lyst å støtte arbeidet med Kyrkjetonar kan du betala giroen eller **beta til VIPPS**-nummer 523083.

**Takk for pengestøtte, innsendt stoff og forbøn!**

Her kan du  
betale med  
**Vipps**

**523083**

Vipps-nummer



**Bilde over:** Da koronaen kom, ble mødrevantehjemmet stengt et helt år, fordi bygningene måtte brukes til andre ting under pandemien. Men nå har de åpnet igjen, nymalte og fine. Ventehjemmets Store Mor, Nirmala, har koka festmiddag på sykehusets egenproduserte biogass.

## Nytt frå Okhaldhunga sjukehus

av Kristin og Erik Böhler

Bokn har Okhaldhunga sjukehus som SMM-prosjekt (Samarbeid menighet og misjon). På desse sidene er her glimt frå arbeidet ved sjukehuset. Det har vore utrøeg inspirerande å følge utviklinga frå byrjinga og fram til no. Det er ei fantastisk solskinshistorie.



### Mødrevantehjemmet gjenåpnes!

Da vi kom til Okhaldhunga i 2004, oppdaget vi at det var altfor stor prosent hjemmefødsler og dessuten fødsler underveis til sykehuset. Turen dit kunne ta inntil flere dager på båre langs stier fra landsbyer i distriktet. Dette måtte det gjøres noe med! Løsningen ble et mødrevantehjem der mødre kunne komme uker før fødsel for å være på sykehuset når fødselen kom i gang. Dette ble en stor suksess og reduserte barnedødeligheten betraktelig.



**Bilde over:** Her har de første fem gravide, med medbrakte ektemenn, flyttet inn mens de går og ruger. På bildet ser vi dem alle, med ventehjemmets Nirmala i midten og Sykehusdirektør Yub Raj som var med på åpningsfestmiddagen. Viktig skritt mot trygge fødsler!

### Langfredag!

Kirken i Okhaldhunga fortsetter sin sterke tradisjon: På den dagen Jesus ga sitt blod for oss, drar medlemmene i kirken til sykehuset for å gi av sitt blod. De gjør det fordi noen trenger det blodet helt konkret. Samtidig er dette et språk alle mennesker forstår: Han brydde seg om oss. Da bryr vi oss om andre.

### Fra bibelgruppe til utdannet lege.

Da vi kom til Okhaldhunga for 17 år siden, ble vi med i det lokale husfellesskapet. Der ble vi kjent med en familie med en gutt på seks år, lille Kapil Dani.

Barna er alltid med på møtene der. Og ettersom han lærte å lese på skolen samtidig med at vi nyankomne ble kjent med nepali-bokstavene, følte vi oss på samme nivå der vi stavet oss gjennom bibel-tekstene sammen. Men bare en kort stund. Kapil ble en racer på skolen, mens vi fortsatte å bale med vanskelige nepali-bokstaver.

Kapil fortsatte å være med i husfellesskapet i mange år, og fikk med seg mye derfra. Det er et godt og mangeartet fellesskap. Så greide han å få studieplass ved Vellore Christian Medical College, Indias beste medisinske universitet og et arnested for kristne helsearbeidere. Planen var hele tiden å komme tilbake til Okhaldhunga. Og nå er han der, begynte i legejobb der nå torsdag 29. april!

Hans far, Phanindra Dani, som er farmasøyt ved sykehuset, er lykkelig over endelig å få sin sønn tilbake til Okhaldhunga og til og med få jobbe sammen med ham.



**Bilete over:** Blodgiving på langfredag

### Vaktskifte

Kristin og Erik Böhler reiste heim i 2020. Sally og John Pedgett overtok etter Böhlers. No i mai flytter Liv Wendel til Okhaldhunga. Ho har i ein periode arbeidd vest i Nepal. No skal ho arbeide på Okhaldhunga sjukehus og også undervise på sjukepleiarskulen som er starta der.

**Pengar som vert gjeven til Okhaldhunga sjukehus, er til fantastisk hjelp.**



**Bilete over:** Liv Wendel flytta til Okhaldhunga i mai, og skal undervisa på sjukepleiarskulen.  
**Bilete til venstre:** Tilgangen på oksygen er livsviktig, og blir sikra på oksygenfabrikken.



**Bilete til venstre:** Far og sønn Dani, med en fornøyd sykehusdirektør Yub Raj i midten. Dette er oppfyllelsen av en 17 år gammel drøm, både for dem og oss.



# KyrkjeNÆR

tekst og foto: medarbeidarane i KyrkjeNÆR

## Babysong på Bokn.

For fyrste gong har Kyrkjenær arrangert babysong på Bokn.

Koronatida gjør at Tysvær og Bokn ikkje kan vere saman som vanleg. Då er det kjekt når vi kan samlast til babysong på kvar sin plass!

Biletet er tatt frå kaffipausen på Bokn.



## Bibelpizza i Nedstrand sokn

5 klassingane mottekk ein bibel fra kyrkjelyden. I forkant er det vanlegvis leir - dette året blei det ei samling før utdelinga, med bibelundervisning og pizza, sang og Quiz både i Skjoldastrumen og Nedstrand.



## Babysong i Nedstrand sokn

Babysong for 0-1 år i Nedstrand Sokn har hatt fine samlingar på Soknatun i vår og satser vidare med friskt mot til hausten!

Kjekt for både små og store å ha ein møtested, og kunne utfolde seg i musikk, rytmer, sang og bevegelse - etterfulgt av nistepakke, kaffi og ein god prat og pludring rundt ( og under) bordet!



## Dåpsskule

Dåpsskule for 1. klassingane har blitt arrangert på ulikt vis denne våren.

I Aksdal inviterte vi mange små grupper med fem barn og voksne til ei times samling, der dei fekk boka «Tre i eit tre» og laga fingerdue.

I Skjoldastrumen og Nedstrand har det vore fire samlingar med ulike tema, rett etter skuletid og så avslutning med ei gudsteneste.



# Konfirmantopplæring 2021 - 2022

av Marit Sofie Teistedal Vikre

Nå er tida inne for påmelding til konfirmasjon for neste år.  
Det blir konfirmantopplæring i Førresfjorden, Straumen, Nedstrand, Bokn og Tysvær sokn.

Noen av kyrkjelydane har informasjonsmøte i mai/juni, andre sender brev og gir nærmere informasjon til hausten.

Dei kommande konfirmantane må fylle ut påmeldinga på kyrkja si nettside. Påmelding til [www.tysvaerkirken.no](http://www.tysvaerkirken.no) frå 10.juni.

Konfirmantopplæringa er for alle som ynskjer det. Difor vil vi legge opp til tilpassa opplegg for dei som treng det. Vi legg til rette for dåp for ungdommar som ikkje er døypte.

Oppstart av nytt konfirmantår blir i august/september.

## Leir på Tveit Videregående skule

I regi av Førresfjorden sokn og Nedstrand sokn blir det i år "Camp Nedstrand" 11. - 13. august 2021.

Ungdomar frå konfirmasjonsalder og oppover kan meldu seg på eit splittert nytt "leirkonsept" i august. Det blir kjekke aktivitetar som tur i klatreparken, tur til

Himakåna, fisking, padling i kajakk, kurs om kunst og økologisk jordbruk, kveldsgudsteneste og god mat.

Meir informasjon kjem etterkvart på Facebook og [www.tysverkirken.no](http://www.tysverkirken.no)

## Namna minnelund på Bokn gravplass

Bokn sokn har no fått etablert ein minnelund for urner.

Namna minnelund for urner er av nyare dato på våre kantar. Der er ny minnelund på Ulland gravplass og det er også opparbeida ein på den nye gravplassen på Avaldsnes.

Namna minnelund for urner inneber at ein set opp ein felles gravstein der ein kan montere ei plate til minne om den som er gått bort. Det er ikkje høve til markeringar der som urna er sett ned, men ein kan leggje blomar/tenne lys på fellessteinen.

av Jan Magne Moi



## Arrangement i regi av trusopplæringa Kyrkjær hausten 2021:

Meir informasjon, og eventuelle endringar, vert lagt ut på [www.tysvaerkirken.no](http://www.tysvaerkirken.no) og på facbooksidene til dei ulike sokna.

### Felles for alle kyrkjelydane i Tysvær og Bokn:

#### 7. kl. Temakveld i Aksdal kyrkje

Tema: «Vår digitale verd.»  
Dato: Torsdag 2. september.

#### 4. kl. Aktivitetsdag på Stemnestaden

Skulane har planleggingsdag denne dagen. Tema: Misjon.  
Dato: Måndag 20.september.

### Felles for sokna Tysvær og Bokn:

#### 0-1 år: Babysong 0-1 år

Oppstartsdato: Torsdag 16.september kl 10-12 på Tysvær Soknehus.

### Bokn sokn:

#### 2. kl. Hausttakkefest for 2.klassingar

Samling og gudsteneste.  
Datoar: 24. og 26.september.

#### 3 år Undretur i kyrkja for 3-åringar

Oktober, dato ikkje fastsett.

#### 4 år Barnebibel for 4-åringar

Samling og gudsteneste med utdeling av Barnebibel.  
Gudstenesta er 21.november.

#### 6. kl. Lys vaken for 6.klassingar

Overnatting i Bokn kyrkje.  
19.-20.november.

### Tysvær sokn:

#### 9. kl. Konfirmantopplegg

Oppstartsdato: Onsdag 18.august.

#### 2. kl. Hausttakkefest

Samling og gudsteneste.  
Datoar: 21.og 26.september.

#### 3 år Undretur i kyrkja for 3-åringar

Oktober, dato ikkje fastsett.

#### 4 år Barnebibel for fireåringar

Samling og gudsteneste med utdeling av Barnebibel.  
Datoar: 20. og 21.november.

#### 6. kl. Lys vaken for 6. klassingar

Overnatting i Tysvær kyrkje.  
27.-28.november.

Barnekoret Gledesprederen i Tysværåg startar opp att med øvingar 7. september.

### Førresfjorden menighet:

#### 0-1 år Babysang

Oppstart mandag 16.august.

#### 3 år Undretur i kirken

Dato kommer.

#### 4 år Barnebibelen

Samling og gudsteneste med utdeling av Barnebibel.  
Samlingsdato ikkje fastsett,  
gudsteneste søndag 14. november.

#### 2. kl. Høsttakkefest (Dåpsskole 2)

Samling 29.sept. og gudsteneste 3. oktober.

#### 6. kl. Lys Våken

Advent. Dato kommer.

#### 5-7.kl Etter skoletid

Oppstart onsdag 1. september.

#### 9. kl. Konfirmantopplegg

Presentasjons-gudsteneste 12. september,  
ei samling før.

#### 15 år Leir for konfirmantene 20/21

11.-13. august på Tveit VGS, Nedstrand.

### Nedstrand Sokn

(N=Nedstrand, S=Skjoldastrumen)

#### 0-1 år Babysong (N+S)

Oppstart i september.

#### 2 år Mi kyrkjebok 2 år

Samling i kyrkja.  
N+S. Dato kjem.

#### 3 år Undretur i kyrkja

Boka «Kyrkja mi». N + S laurdag 23.oktober.  
Gudsteneste S= 24.oktober.  
Gudsteneste N= 31.oktober.

#### 4 år Barnebibelen

(N+S) Samling  
Gudsteneste med utdeling S= 24.oktober  
Gudsteneste med utdeling N= 31.oktober

#### 5 år Julekrybbeverkstadar (N+S)

Dato kjem.

#### 2. kl. Hausttakkefest

Samling, felles N+S på Tveit VGS ons. 8.sep  
Gudsteneste 12.september (N+S)

#### 6. kl. Lys Vaken

Advent. Dato kjem.

#### 9. kl. Konfirmantopplegg

Leir for konfirmantene 20/21  
11. - 13. august på Tveit VGS, Nedstrand

# Påskeløype ved kyrkjene

tekst: Marit Sofie Teistedal Vikre

I påska blei det hengt ut påskeløyper ved kyrkjene. Til saman var det nesten 80 personar i alle aldrar som deltok i Tysvær sokn og Bokn sokn.

Dei fleste postane handla om påske, og var ein måte små og store kunne vere med å markere påskehøgtida på. I kvar kyrkjelyd blei ein heldig vinner blant deltakarane trekt ut, og vant eit påskeegg med godteri.



Bilete over: Marius, Fredrik og Celina på påskeløypetur ved Bokn kyrkje. Foto: Kirsti Hervik. Bilete nede til venstre:

Familien Bøe i påskeløypa. Foto: Monica H. Bøe.


Bilete over: Alida Isabell ved ein av postane ved Tysvær kyrkje. Foto: Gunn Marit Nordmark.



## Samlingskrossen ved Tysvær kyrkje (Bilete over)

På 1.påskedag kunne folk komme å henge blomar på samlingskrossen ved inngangspartiet til Tysvær kyrkje. Steinkrossen blei i si tid funnen under grøfting på kyrkjegården. Den kan vere eit vitne om at kyrkja ligg på den gamle samlingsstaden for kristenfolket i bygda

Bilete nede til høgre: Den glade vinneren av eit påskeegg i Tysvær var Alfred. Foto: Synnøve Sætervik Høie



Ein av postane i påskeløypa rundt Nedstrand kyrkje var å leggja ned steinar ved korset. Korset står i halmen frå stallen, nøyaktig der julekrybba står kvar advent.



## Drive-in gudstjeneste

Siden det ble en annerledes 17 mai i år også, ble det arrangert en kortesje på over 60 kjøretøy igjennom store deler av Tysvær.

Vi startet på Førland skulemusikkorps, videre til Førre, en tur innom fremsiden av Aksdalstunet, Grinde, Hundsnes, Hervik, Tysværå og Falkeid før vi kom fram til kajakkanlegget. Der var det apell med 10 klasse, kransenedlegging og «drive in gudstjeneste.

Mange festkledde langs ruten med flagg og 17 maisløyfer, slik at både de som kjørte, og andre som deltok langs ruten, fikk en smak av 17 maifeiring.

Det ble en fin avslutning for de 200 som var påmeldt til avslutningen på Kajakkanlegget med Prest Tor Egil på seierspallen. Flott omkranset av flaggpynta kajakker på sjøen og nypolerte staskjøretøy på parkeringen.

tekst: Steinar Høyvik  
foto: Kristian Jørgensen/Marit Sofie T. Vikre



# Diakoni og pandemi

tekst: Inge Mørland/foto: Mette Brandt



**– Vi må ikke gjøre det så innviklet å være et medmenneske, mener Hanne Marie Engdal som jobber som diakon ved Sjømannskirken på Gran Canaria.**

Å være diakon under en pandemi har endret arbeidshverdagen til Hanne Marie Engdal.

– Men enten jeg møter én eller ti, er det jo selve møtet som er viktig. Jeg får bedre tid til å være sammen med dem som trenger støtte og hjelp. Det oppleves veldig godt oppi alt.

– Diakon og diakoni er fortsatt fremmedord for mange?

– Diakoni defineres ofte som kirkens omsorgstjeneste. Det handler om å møte alle mennesker der de er i livet, med nestekjærighet, respekt og likeverd.

– Så diakoni handler ikke om at de sterke skal hjelpe de svake?

– Nei. Det er en feiltolkning å tenke at jeg som diakon alltid er den sterke og tøffe som takler alt. Noen ganger trenger vi alle råd og veiledning, andre ganger trenger noen av oss mat, klær, en klem eller hjelp til å prøve å få livet inn på et godt spor.

## Utfordrende sosialsaker

Før Hanne Marie Engdal flyttet til Gran Canaria i fjor, jobbet hun 15 år som diakon i Norge.

– Er det stor forskjell på være diakon i Spania sammenlignet med Norge?

– Ja, egentlig. I Norge er det et helt opplegg for alle eventualiteter av det mennesker sliter med. Det finnes selvsgartet spansk helhetsvesen her, men ting blir ofte mye mer komplisert når man er i utlandet, med andre regler og ulike rettigheter. Språkbarriieren er også et hinder for mange til å kunne nyttiggjøre seg av de lokale hjelpestakene.

– Er det noe som er likt?

– Folk trenger jo den samme omsorgen uansett hvor de er i verden. Det folk sliter med hjemme, sliter folk med her også. Det er sorg, rus, ensomhet, sykdom og utenforskap.

– Hvilke saker er mest krevende?

– Vi blir involvert i mange såkalte sosialsaker som er utfordrende. De tyngste og mest komplekse sakene har sammenheng med rus, psykiatri og omsorgssvikt. Men barn, små barn, som opplever omsorgssvikt i et fremmed land, gjør spesielt inntrykk på meg. Det er ille i Norge også, men her har de ofte ikke noe nettverk, bortsett fra Sjømannskirken. Det er tøft, sier hun og legger til at Sjømanns-

**SJØMANNSKIRKEN**  
Norsk kirke i utlandet

- Selvstendig og frivillig organisasjon for nordmenn i utlandet.
- Gir omsorg, trygghet og fellesskap til nordmenn i utlandet
- 28 kirker over hele verden
- Mer enn 20 omreisende medarbeidere med hele verden som nedslagsfelt
- Er til for alle nordmenn uansett livssyn og bakgrunn.

kirken har kompetanse på å møte mennesker i vanskelige livssituasjoner, i sjælesorg og sorgarbeid. I tillegg til et godt samarbeid med andre hjelpestakner.

## Hjemløse nordmenn

– Hender det at du må ut og lete etter nordmenn?

– Det skjer innimellom, men det er viktig for meg å respektere menneskets frie vilje. Jeg møter nordmenn som har valgt å leve som hjemløse her. Noen av dem har vokst opp med rus og overgrep, og mangel på at noen har tatt tak i livene deres som små. Deres handlingsmønstre og referanserammer for hva som er et bra liv er så veldig annerledes enn mitt. Det kan tilsynelatende virke enkelt å være utelegger her. De slipper å fryse og de mottar mat fra ulike steder. Hvem er jeg da som skal si at de ikke kan leve det livet de lever? Men det er klart at når de mister bankkortet, når trygden ikke kommer, eller når de blir syke, da blir det fryktelig komplisert å være hjemlös og norsk på Gran Canaria.

– Hva gjør du da?

– Jeg prøver å sette dem i stand til å ikke bare være hjelpetrengende, men å handle selv. Til å ta ansvar og myndighet over eget liv. Ofte skulle jeg ønske at jeg kunne ta valgene for dem, sette dem på et fly og få dem inn i et system


## Nye, aktuelle bøker:



Kvinnene i Bibelen har stått i skuggen av menn. I denne boka har dei hovudrollene. I alt finst det fleire hundre kvinner i Bøkenes Bok. Nokre har vi hørt om før, som dronninga av Saba og jomfru Maria. Andre veit vi mindre om, som Jokebed og Hulda. Somme har endå fått den viktige rolla si tona ned. «Bibelens kvinner» er ei kunnskapsrik og vakkert illustrert bok om alle bibelkvinnene. Ho gir oss ei innsiktsfull og fengande innføring i korleis dei ulike kvinnene trer fram i bibelteksten, biletkunsten og i litteratur, musikk og film. Forfattaren teiknar eit kraftfullt bilet - av kvinner som har forma verda slik vi kjenner henne. (Samlaget)



"Jeg var et snakkesalig barn og jeg er en snakkesalig voksen. Den verste leken jeg visste da jeg var barn, var stilleleken". Med dette som utgangspunkt har Tomas Sjödin skrevet en bok om stillhet. Vel hjemme etter en ensom reise gjennom USA, skildrer Tomas Sjödin oppdagelsen av en stillhet som i vår verden er direkte uthydningsrettet. Han setter ord på hva det kan bety å innføre en stunds bevisst stillhet i en ellers prat-som hverdag. Tilsynelatende fortsetter alt som før, men under overflaten er forandringen total. I boka møter forfatteren mennesker med lang erfaring med stillhet, lytting og bønn. "Lyden av stillhet" er en vakker og dypt personlig beretning om kunsten å verne det indre livets helhet i en fragmentert tid. (Vårt Land forlag)



Da Norge ble luthersk» tar oss med tilbake i vår egen historie og viser oss hvor vi kommer fra, hvilke religiøse skuldre vi står på. Gjennom bilder og tekster kan vi nå besøke vår egen fortid, slik at vi ser oss selv bedre. Hva vet vi om livet og troen på 1600- og 1700-tallet? Lars Inge Magerøy bringer oss nært og levende på en tid som kan virke fjern for mange. Han tar opp tråden fra «Munken som endret Europa» (om Luther) og spører kristendommens utvikling i Norge fra reformasjonen og fram til vår egen reformator, Hans Nielsen Hauge. (Luther forlag)



hjemme i Norge. Men jeg kan ikke frata voksne mennesker de valgmulighetene de har. Så sant de ikke er så dårlige at de er ute av stand til å ta det valget selv. Jeg prøver å være sammen med dem og støtte dem i en vanskelig situasjon.

## Vær et medmenneske

– Hva er ditt beste tips til hvordan vi kan leve litt mer, hva skal jeg si, diakonalt i hverdagen?

– Ikke sett deg selv i sentrum og prøv å se ting ut fra perspektivet til det mennesket du treffer.

– Det er kanskje lettere sagt enn gjort?

Reportasjen er en forkortet versjon av en reportasje som stod i Sjømannskirkens magasin HJEM nr. 1/21



## Måling av Nedstrand kyrkje

Alle kyrkjene vert vedlikeholdt og måla etter ein oppsett plan, og i år står Nedstrand kyrkje for tur. Stillaset er oppe og i vekene som kjem vil kyrkja igjen framstå kvit og fin.

Det vart også utført eit større prosjekt på kyrkja i 2020. Då vart sutaket på både koret, kyrkjeskipet og tårnet utbetra.

*foto: Ståle Hustoft*

### Stell av gravplasser i Tysvær



Arbeid og Inkludering

avdeling Vepro

Tlf: 93 21 66 79 / 52 75 88 60

Neste nummer kjem i postkassen  
ca. 17. september

Frist for stoff til nr 3/2021:  
27. august

Send reportasjar, informasjon,  
møtetidspunkt o.l.  
til redaktør Ståle Hustoft,  
Nedstrandsvegen 1488, 5560 Nedstrand.  
e-post: [hustoft@hustoft.net](mailto:hustoft@hustoft.net). Mob: 900 26 142

Hvordan har du det...  
**EGENTLIG?**

Krisetelefon 22 40 00 40  
SOS-Melding: [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)  
SOS-Chat: [www.soschat.no](http://www.soschat.no)

Kirkens SOS  
ET Menneske å SNAKKE MED  
NÅR LIVET ER SOM VERST

# Gjennom livet

## Døypte

### Tysvær kyrkje

02.05 Leon Aksland Hopland  
02.05 Alfred Susort  
23.05 Linnea Våge Håvardsen

### Bokn kyrkje

07.03 Josefine Mæland Mjølhus

### Nedstrand kyrkje

30.05 Joakim Tendeland Amdal

### Skjoldastrauen kyrkje

22.05 Storm Iversen Holgersen

### Aksdal kyrkje

07.03 Emeline Birk Sælevik  
18.04 Julian Fjellstad Hauge  
18.04 Louie Breitve Nilsen  
21.04 Hedda Haugsgjerd-Bjørkheim  
23.05 Aleah Helgesen Aasbø  
23.05 Yrja Ørke  
23.05 Øyvind Elias Haakull Søvik

### Førre kirke

30.05 Sindre Eike Amdal  
30.05 Noah Aslaksen Pettersen  
30.05 Tobias Tørresdal  
30.05 Maja Førre Vikse

## Vigde

### Tysvær kyrkje

22.05 Evy Stangeland  
og Arne Haraldseid

### Førre kirke

29.05 Hilde Lervik Haraldseid  
og Kjetil Øye Kristiansen  
29.05 Anders Karlsen Haugom  
og Iselin Roaldset Hebnes

## Jordfesta

### Førre kirke

30.03 Bertha Bringedal  
09.04 Hege Merete Endresen  
09.04 Ellen Marie Seldal  
16.04 Ellen Malene Wagner  
20.04 Geir Sigve Assbjø  
20.05 Astrid Østrem

### Bisetting

09.03 Janny Marie Nordbø  
20.05 Helge Einar Tollaksen  
(*Sermoni Aksdal kyrkje*)

### Tysvær kyrkje

04.03 Hans Bringedal  
08.04 Henny Kristine Tysvær  
08.04 Karl Johan Jensen

### Skjoldastrauen kyrkje

12.03 Gunvor Helene Erland

### Bokn kyrkje

06.04 Sigvart Ingemar Våga

## Preiketekstane - sommeren 2021

Søndag 30. mai	<b>Treenighetssøndag</b>	Luk 10,21-24	Jesus jublet i Ånden
Søndag 6. juni	<b>2. søndag i treenighetstiden</b>	Joh 3,26-30	Han skal vokse, jeg skal avta
Søndag 13. juni	<b>3. søndag i treenighetstiden</b>	Joh 1,35-51	De første disiplene
Søndag 20. juni	<b>4. søndag i treenighetstiden</b>	Matt 16, 24-27	Å følge etter Jesus
Torsdag 24. juni	<b>Sankthansdagen / Jonsok</b>	Matt 11,7-14	Johannes er Elia
Søndag 27. juni	<b>5. søndag i treenighetstiden</b>	Matt 7,21-29	Falske disipler og huset på fjell
Søndag 4. juli	<b>Aposteldagen / 6. s. i treenighets.</b>	Matt 16,13-20	Peters bekjennelse
Søndag 11. juli	<b>7. søndag i treenighetstiden</b>	Luk 19,1-10	Sakkeus
Søndag 18. juli	<b>8. søndag i treenighetstiden</b>	2.Kor 8, 9-15	Denne gangen har dere overflod
Søndag 25. juli	<b>9. søndag i treenighetstiden</b>	Joh 8,2-11	Kvinnen grepet i ekteskapsbrudd
Torsdag 29. juli	<b>Olavsdagen / Olsok</b>	Luk 9,23-26	Hva gagner det et menneske
Søndag 1. august	<b>10. søndag i treenighetstiden</b>	Matt 18,21-35	Den ubarmhjertige medtjener
Søndag 8. august	<b>11. søndag i treenighetstiden</b>	2. Mos 20,1-17	De ti bud
Søndag 15. august	<b>12. søndag i treenighetstiden</b>	Luk 8,1-3	Kvinner som fulgte Jesus
Søndag 22. august	<b>13. søndag i treenighetstiden</b>	Luk 12,41-48	En tro og klok forvalter
Søndag 29. august	<b>Vingårdssøn / 14. s. i treenighets.</b>	Luk 17,7-10	Uverdige tjener
Søndag 5. september	<b>15. søndag i treenighetstiden</b>	Luk 10,38-42	Jesus hos Marta og Maria
Søndag 12. september	<b>16. søndag i treenighetstiden</b>	Matt 5,10-12	Salige er de som blir forfulgt

# Velkommen til kyrkje



Me følg FHI sine smittevernregler. Det blir åpent for maks antall personar i forhold til byggets størrelse, med 1 meter avstand. Pga situasjonen kan det bli endringer, følg med på nyheter/annonser.

## Aksdal kyrkje

- 6. juni kl. 11.00**  
Gudsteneste
- 13. juni kl. 11.00**  
Gudsteneste
- 27. juni kl.11.00**  
Gudsteneste
- 11. juli kl.13:00**  
Gudsteneste
- 8. august kl.11:00**  
Gudsteneste
- 29. august kl.11:00**  
Festgudsteneste med  
jubileumsmarkering/oppstartfest
- 5. september kl.11:00**  
Gudsteneste
- 12. september kl.11:00**  
Presentasjonsgudsteneste  
konfirmanter kull 2022
- 25. september**  
Konfirmasjonsgudstenester  
kl.10:30, 12:15 og 13:45.  
(Klokkeslett med forbehold)
- 26.september**  
Konfirmasjonsgudstenester  
kl.10:30 og 12:15.  
(Klokkeslett med forbehold)

## Tysvær kyrkje

- 6. juni kl. 11.00**  
Felles med Bokn, Friluftsgudsteneste  
Nærmiljøanlegget
- 20. juni kl.13:00**  
Gudsteneste
- 11. juli kl.11:00**  
Gudsteneste
- 1. august kl.13:00**  
Gudsteneste
- 15. august kl.19:00**  
Jazzmesse
- 22. august kl 15.00.**  
Presentasjonsgudsteneste  
konfirmantkull 2022  
50- og 60 års-konfirmanter  
spesielt invitert
- 8. september kl.14:00**  
Ung Messe
- 11. september**  
Konfirmasjonsgudstenester  
kl.11.00 og 13:00
- 12. september**  
Konfirmasjonsgudsteneste kl.11:00

## Bokn Kyrkje

- 6. juni kl. 11.00**  
Friluftsgudsteneste felles med  
Tysvær, Nærmiljøanlegget
- 27. juni kl.13:00**  
Gudsteneste
- 18. juli kl.11:00**  
Gudsteneste
- 8. august kl.13:00**  
Gudsteneste
- 22. august kl.11:00**  
Presentasjonsgudsteneste  
konfirmanter kull 2022  
50- og 60 års-konfirmanter  
spesielt invitert
- 29. august kl.18:00**  
Ung Messe
- 5. september**  
Konfirmasjonsgudstenester  
kl.11:00 og 13:00

## Førre kirke

- 20. juni kl.11.00**  
Gudsteneste
- 25. juli kl.11:00**  
Gudsteneste
- 22. august kl.11:00**  
Gudsteneste
- 19. september kl.11:00**  
Gudsteneste

## Skjoldastrauen kyrkje

- 6. juni kl. 11.00**  
Gudsteneste  
Dåpsskole avslutning 1. klasse
- 13. juni kl.11.00**  
Gudsteneste
- 4. juli kl.13:00**  
Gudsteneste
- 25. juli kl.13:00**  
Gudsteneste
- 15. august kl.11:00**  
Gudsteneste
- 22. august kl.11:00**  
Gudsteneste
- 12. september kl.13:00**  
Høsttakkegudsteneste
- 19. september kl.11:00**  
Konfirmasjonsgudsteneste

## Nedstrand kyrkje

- 6. juni kl.13.00**  
Gudsteneste  
Dåpsskole avslutning 1. klasse
- 20. juni kl.11:00**  
Friluftsgudsteneste Leiranger
- 4. juli kl.11:00**  
Gudsteneste
- 18. juli kl.13:00**  
Gudsteneste
- 1. august kl.11:00**  
Gudsteneste
- 15. august kl.13:00**  
Gudsteneste
- 29. august kl.11:00**  
Gudsteneste
- 12. september kl.11:00**  
Høsttakkegudsteneste
- 26. september kl.11:00**  
Konfirmasjonsgudsteneste